



**Årsmøte 2017**  
**Mandag 19. februar 2018 kl. 19.30**

**1. Åpning ved leiar**

Astrid Knutsen Håland ynskte velkommen til årsmøtet på vegne av styret, sidan styreleiar Morten Jelsa var vekkrest. Ho tok opp dei store linjene frå året som har gått.

**2. Godkjenne stemmeberettiga**

Av totalt 1550 medlemmar møtte 64 med stemmerett og 3 utan stemmerett.

**3. Godkjenne innkalling og sakliste**

Godkjent

**4. Val av ordstyrer og referent**

Johan Omland vart vald til ordstyrar og Ingunn Helen Reiestad til referent.

**5. Val av to personer til å signere møteprotokollen saman med referent**

Siv Varhaug og Lars Erling Friestad

**6. Val av teljekorps**

Kristin Nord-Varhaug og Sindre Varhaug

**7. Årsmeldinger og rapporter**

Johan Omland gjekk gjennom årsmeldinga frå hovudstyret. Han trekte fram at me har ein god administrasjon som utfyller kvarandre.



Lars Erling Friestad kommenterte at ingen av medlemmane i Hå idrettsråd er valde som representantar for eit bestemt idrettslag – medlemmane i idrettsrådet er uavhengige representantar for idretten i heile Hå. Ein rettar dette.

VIL har hatt ein medlemsauke på 213 medlemmar sidan i fjor, dette er positivt.

Varhaughallen er rehabilitert dette året, og det har blitt svært bra.

Lars Erling Friestad saknar info om ansvarleg for Reint idrettslag, og Jan Christian Vasshus svara at det er Eivind Galtvik.

Jan Harald Forsmo ynskjer at det skal koma fram kor stor stillingsprosent dei ulike tilsette har.

Årsmeldinga vart einstemmig vedteken med tillegg skissert over.

Ingen kommentarar til dei ulike gruppene sine årsmeldingar.

Årsmeldinga frå kontrollkomitéen vart lagt fram av Terje Bøe. Komitéen opplever at hovudstyret og administrasjonen har god kontroll og gode rutinar. Uttrykte ønske om meir dokumentasjon knytta til finansiering og råda til å oppretta økonomihandbok.

## **8. Kontingent**

Hovudstyret sitt forslag var at kontingenten vert ståande uendra.

Lars Erling Friestad foreslo at plussmedlemskapet kun gjeld for dei som nyttar seg av styrkerommet.

Forslag til tillegg: Aktiv pluss gjeld kun for brukarar av styrkerommet. Alle andre betaler som vanleg aktiv vaksen/aktiv ungdom.



Ingve Skretting uttrykke at han er einig i forslaget til Lars Erling Friestad.

Forslaget med Lars Erling Friestad sitt tillegg vart einstemmig vedteke.

## 9. Innkomne saker

- **Utandørs aktivitetspark**

Astrid K Håland la fram forslaget for årsmøtet.

Forslag til vedtak:

Hovudstyret får fullmakt til å ferdigstilla heile eller deler av aktivitetsparken innanfor ei kostnadsramme på kr 4.000.000,-.

Terje Bøe stilte spørsmål angående finansiering. Jan Christian svara at me kan søka om spelemiddel, og at den reelle utgifta vert på ca. kr 1.500.000,- for idrettslaget. Me søker også om tilskot frå stiftingar.

Ingve Skretting etterlyste finansieringsplan over alle investeringane som ligg føre. Astrid K Håland svara at hovudstyret ikkje har laga ei prioriteringsliste men meiner at ein har god kontroll på korleis ein skal finansiera dette.

Eva Hegre svara at hovudstyret og administrasjonen skal få på plass finansieringsplan som viser hovudtrekka i kontantstraumen for dei komande åra. Ho opplyste også om at laget har fått innvilga kommunal støtte og spelemiddel som ikkje er utbetalt enno. Terje Bøe minna om at det er gitt rame for låneopptak i tidlegare årsmøte.

Forslaget vart vedteke med 61 mot 3 stemmar.



- **Kunstgras på området sør for løpebanen**

Forslag til vedtak: Hovudstyret får fullmakt til å leggja kunstgras sør for løpebanen, til ein pris på maks kr 2.500.000,-

Dag Madland, leiar i fotballstyret, var positiv til forslaget. Han sa at det er svært vanskeleg å fordela treningstider på grunn av manglande banekapasitet. Endring til 3ar-fotball for dei minste vil også krevja større areal.

Ingve Skretting spurte om levetida på kunstgraset. Kor tid må ein skifta ut det som allereie er, og korleis er planen/kostnadane for vedlikehald? Jan Christian Vasshus svara at i følgje dei som utfører årleg service på banen så er denne i svært god stand. Halvor Berge lurte på om ikkje ny fotballhall vil vera nok? Petter Dubland kommenterte at ein vil ha fordel av å ha faste banar som er merka. Dag Madland sa at fotballhallen først og fremst er eit tiltak for å utvida sesongen, og at fotball i all hovudsak er ein uteidrett.

Forslaget vart vedteke med 59 mot 5 stemmar.

- **Avvikla volleyball som eiga gruppe**

Forslag til vedtak: Volleyball utgår som eiga gruppe. Endringa gjeld umiddelbart etter årsmøtet. Hovudstyret får fullmakt til å sjå på alternativ organisering slik at tilbodet om volleyball kan oppretthaldast.

Ingve Skretting kommenterte at han ønskjer å behalda volleyball som eiga gruppe og trur det kan la seg gjera å finne folk til styret. Lars Erling Friestad stilte spørsmål til om ein kan sjå på til dømes badminton og volleyball som ei gruppe. Liv Hobberstad meinte at det var drastisk å leggja ned gruppa og vil heller senda saka tilbake til hovudstyret. Rolf Kåre Auestad opplyste at det pr. nå er ca. 15 vaksne og 10-12 ungdommar som er aktive.



Hovudstyret trekte forslaget, og volleyballen består som eiga gruppe.

#### 10. Organisasjonsplanen

Det var ingen forslag om endring.

#### 11. Rekneskap 2017

Ordstyrar opplyste at årsresultatet var kr 1.190.395,-. Han gjekk også gjennom note 6 som viser kva anleggsmidlene på kr 20.470.616,- består av.

Rekneskapen vart godkjent utan merknadar.

#### 12. Budsjett 2018

Offensivt budsjett der ein har lagt inn ein auke til dei største gruppene slik at det også vert satsa sportsleg i tillegg til på anlegget.

Budsjettet for 2018 vart einstemmig godkjent utan merknadar.

#### 13. Val

Johan Omland la fram forslaget frå valnemnda.

#### Hovudstyret:

Leder:	Morten Jelsa	Gjenvalg	1 år
Nestleder:	Oddbjørn Ueland	Ny	2 år
Kasserer:	Glenn Skretting	Ny	2 år
Sekretær:	Astrid Knutsen Håland	Ikkje på valg	1 år igjen
Styremedlem:	Ken Tore Tunheim	Ikkje på valg	1 år igjen
Varamedlem:	Birger Kvia Hobberstad	Ny	1 år
Varamedlem:	Åse Dubland	Ny	1 år



### Fotballstyret:

Leder:	Dag Madland	Gjenvalg	1 år
Nestleder:	Magnus Skrettingland Jr	Gjenvalg	1 år
Sekretær:	Tone Hovland	Ikkje på valg	1 år igjen
Kasserer / Dommeransv:	Ola Sandsbråten	Gjenvalg	2 år
Materialforvalter:	Silje Skretting	Ikkje på valg	1 år igjen
Styremedlem:	Alf Magne Midttun	Ikkje på valg	1 år igjen

### Håndballstyret:

Leder:	Trond Gjermund Haugen	Ny	1 år
Nestleder:	Lars Håland	Ny	2 år
Sekretær:	Oddny Bratland	Ikkje på valg	1 år igjen
Kasserer:	Zari Hobberstad	Ikkje på valg	1 år igjen
Materialforvalter:	Svein Borgen	Ny	2 år
Styremedlem:	Bjarte Lende	Gjenvalg	1 år
Styremedlem:	Anne Torill Ånestad	Ikkje på valg	1 år igjen

### Idrettsskulestyret:

Leder:	Lena Grødem	Ny	1 år
Nestleder:	Turid Omland	Ikkje på valg	1 år igjen
Kasserer:	Morten Odland Bø	Ikkje på valg	1 år igjen
Sekretær:	Karoline Fuglestad	Ny	2 år
Materialforvalter:	Magnhild Skeie	Ny	2 år

### Klatrestyret:

Leder:	Halvor Berge	Ny	1 år
Sekretær:	Sigve Kydland	Gjenvalg	2 år
Kasserer:	Rune Byberg	Ny	2 år
Styremedl:	Malin Auestad	Ikkje på valg	1 år igjen
Styremedl:	Sindre Varhaug	Ny	2 år



### Trim og friidrettsstyret:

Leder:	Sondre Aarsland	Gjenvalg	1 år
Nestleder:	Marianne Espedal Boge	Ikkje på valg	1 år igjen
Sekretær:	Siri Undheim Aarsland	Ikkje på valg	1 år igjen
Materialforvalter:	Kim Eivind Nord Varhaug	Ny	2 år
Kasserer:	Helge Skretting	Ny	2 år

### Turnstyret:

Leder:	Veronica Varhaug	Gjenvalg	1 år
Nestleder:/Kasserer	Siv Våland	Gjenvalg	2 år
Materialforvalter:	Mirjam Tesaker	Gjenvalg	2 år
Sekretær:	Hilde Vikeså	Ikkje på valg	1 år igjen

### Volleyballstyret:

Leder:	NY	på valg	1 år
Sekretær:	Øyvind Aase	Ikkje på valg	1 år igjen
Materialforvalter:	NY	på valg	2 år

### Anleggskomiteèn:

Leder:	Jarle Reime	Ny	1 år
Komiteemedlem:	Ken Tore Tunheim	Ikkje på valg	1 år igjen
Komiteemedlem:	Oddvar Ånestad	Gjenvalg	2 år
Komiteemedlem:	Raymond Bale	Ikkje på valg	1 år igjen

### Arrangementskomiteèn:

Leder:	Henning Aanestad	Gjenvalg	1 år
Komiteemedlem:	Finn Mæland	ikkje på valg	1 år igjen
Komiteemedlem:	Hallgeir Reiestad	Ny	2 år
Komiteemedlem:	Morten Grude Dubland	ikkje på valg	1 år igjen



### Byggkomitèen:

Leder:	Christopher Forsmo	Ny	1 år
Komitemedlem:	Martin Hobberstad	Gjenvalg	2 år
Komitemedlem:	Sølve Bratland	ikkje på valg	1 år igjen
Komitemedlem:	Per Egil Øgård	ikkje på valg	1 år igjen

### Kontrollkomitèen:

Leder:	Terje Bøe	Gjenvalg	1 år
Komitemedlem:	Tone Ånestad	ikkje på valg	1 år igjen
Komitemedlem:	Brit Elisabeth Bratland	Gjenvalg	2 år
Komitemedlem:	Kristin Nord-Varhaug	ikkje på valg	1 år igjen

### Valgkomitèen:

Leder:	Vidar Haukalid	ikkje på valg	1 år igjen
Komitemedlem:	Helge Skretting	ikkje på valg	1 år igjen
Komitemedlem:	Eldbjørg Lerbrekk	Ny	2 år
Komitemedlem:	Oddgeir Lerbrekk	Ny	1 år

### Ærestegnkomitèen:

Leder:	Elisabeth Åmodt Lerbrekk	ikkje på valg	1 år igjen
Komitemedlem:	Ingunn Helen Reiestad	Ny	2 år
Komitemedlem:	Sverre Kartevold	ikkje på valg	1 år igjen

Ingve Skretting etterlyste badmintongruppa. Eva Hegre svara at dei mangla på lista som valkomitèen arbeidde etter. Hovudstyret tek ansvar for volleyballgruppa og badmintongruppa. Ein stor applaus til godt utført arbeid av valkomitèen.



#### 14. Avslutning

Astrid Knutsen Håland takka for eit godt årsmøte. Ho takka også avtroppande hovudstyremedlemmar Monica Dubland, Gunn Berit Frøyland, Guri Bratland og Sigmund Voll Ådnøy for jobben dei har gjort.

Møtet vart heva kl. 20.53.

22/3-18 Ingunn H. Reiestad

Ingunn Helen Reiestad

Siv Varhaug 19/3-18

Siv Varhaug

Lars Erling Friestad

Lars Erling Friestad

